

17.mai: Leiar og innkjøp 2023

Leiar

Møter:

Til første 17.mai-møte i **mars** fekk vi hjelp av lærarar i 3. og 4. klasse til å sende ut innkallinga.

På første møtet sette vi opp leiarar for tog, innkjøp, kiosk/kafé, leik og rydde/pyntegruppa. Vi bestemte oss for korleis vi ville gjennomføre arrangementet. I år ville vi gå i tog til skulen og dermed ha arrangementet tidlegare på dagen enn førre år då toget har gått til Nesttun. Ein forelder frå 3.klasse vart att etter møtet og vi fordelte borna i 3. og 4. klasse på dei ulike gruppene.

Vi hadde andre møte fyrste veka i **mai** og sjekka status for planlegging, innkjøp osv. Før møte i mai hadde leiar vore i boden og sett kva som var.

Google Disk

Leiar oppretta ei mappe på Google disk der ein la ut gruppefordeling, bakeliste og vaktlistar. Link til denne vart delt saman med referat frå møtet på mail til foreldre i 3. og 4. klasse.

Bakelista var kolonnar etter antal kaker/bakst der ein skreiv kva ein laga og ei kolonne med navn/klasse. Fungerte godt.

Kommunikasjon

Leiar kallar inn til møter/dugnad og sender ut kort referat på mail til alle foreldre i 3. og 4. klasse etter møte.

Leiar og gruppeleiarar held kontakt på mail.

Vi sendte klasseliste til kvarandre slik at ein hadde kontaktinfo til dei ein hadde på gruppa si.

Leiar sørger for at foreldre kan melder seg på baking og purrer på om det trengst. Kaker leverast på dugnad 16.mai eller før arrangementet på 17.mai.

Leiar avtaler med lærar ang nøklar til møter, dugnad og arrangementet. Kun tilsette ved skulen kan låse opp.

10.klasse stiller med tale, avtal med 10.klasse lærar i god tid.

Avtal også med ein lærar at flagget blir lagt fram slik at det kan heisast på skulen på morgonen 17.mai.

Sørg for at gruppeleiar skriv evaluering etter 17.mai, slik blir det oversiktleg og enklare å arrangere neste år!

Dugnad

I år bestemte vi at alle foreldre stiller på dugnad 16.mai, men at gruppeleiarane haldt styring på sine oppgåver og delegerte.

Same gjaldt opprydding. Alle hjelpte til og vi var ferdige på ein time.

Økonomi

Leiar har ansvar for å ordne med vekselepengar og pengeskrin, 3000 fordelt på to skrin i 50, 20, 10 og 5-kroningar. Leiar sørger også for at utlegg blir tilbakebetalt gjennom FAU og sender inn rekneskap Kvitteringar og kontonummer + rekneskap sendast til regnskapfau@gmail.com.

Ellers

Boden var kaotisk og vi har i år rydda ut av og organisert boden. Kassar er merka etter gruppe og sortert.

Leiar har ansvar for at boden er oversiktleg etter endt arrangement. Gruppeleiarar finn kassar og den som pakkar ned fører ein oversikt over kva som blir pakka ned.

Innkjøp

Det vart oppretta ei eiga mappe for handlelister.

Kiosk og kafé-gruppa sende liste over mengde og innkjøp skreiv lista om til handleliste med spesifiserte produkt og pakkar.

Handlelista sendast til coop på Kilden senter, på mail frank.stromnes@coop.no minst 14 dagar i førevegen. Husk å få bekrefta at lista er motteke.

FAU har eige kredittkort ein kan bruke til innkjøp hjå coop, kontakt regnskapfau@gmail.com for å få desse.

Vi har avtale om tilbakelevering av brus som ikkje er solgt.

- **1 rull med Bossekker**
- **1 pakke Grillpinner**
- **1 pakke forest fruit lipton te**
- **25 pk a 8 gilde wienerpølser**
- **12 pk a 12 pølsebrød, prime time**

Handleliste 2023 (med riktig antal pølser)

Evaluering:

Då vi er litt få foreldre i høve til vakter kan det vera lurt å tidleg minne om at å arrangere 17.mai er ei oppgåve vi har når vi har barn i 3. og 4. klasse på Streinerskulen. Sjølv om born har ulike aktivitetar utanom bør dette arrangementet prioriterast desse to åra slik at ikkje blir så mange dobbelvakter for andre foreldre.

17.mai bør snakkast om på fyrste foreldremøte på hausten og leiar kan veljast allereie då.

I år tok leiar også på seg innkjøp. Dette fungerte greitt då vi var eit par som delte på oppgåvene. Tidlegare år har det vore ei eige gruppe for innkjøp med 2-3 personar. Er lurt å vera minst 2.

Det vart kjøpt for lite pølser, dette skuldast truleg tastefeil. Sjekk godt over handlelista og ha noko kjennskap til produkta du vil ha. Ein tur rundt på coop var greitt ved skriving av handleliste. Handlelista over er redigert.

Det var smart å velge coop sine is med tanke på pris. Snurr-is var populært. Serviettar kan lønne seg p handle hjå coop.

Lurt å avklare tidleg kva kjøp innkjøp skal stå for, dette gjorde vi nok litt uklart dette året og tok litt her og der. I 2022 hadde innkjøp kun ansvar for handling til kiosk og kafé. I år handla vi og inn delvis til leiker og delvis til pynt. Alt gjekk fint då det var god kommunikasjon, men kan vera ryddigare å avklare dette på fyrste møte.

Tog rett til skulen var kjempeflott!

Alt i alt eit kjekt arrangement og veldig god stemning!

Gaute Nordeide,
Gaute.nordeide@gmail.com

Lila Grønsnes
Lilagrønsnes@gmail.com